

Tilvising av pasientar til brystdiagnostikk

- På Sunnmøre skal alle tilvisingar til brystdiagnostikk sendast til Ålesund sjukehus
- Mammografikontrollar av brystkreftpasientar og pasientar med påvist familiær risiko for brystkreft (utgreia ved klinisk genetiker) samt mammografiundersøkingar før brystplastikk kan sendast til Røntgenavdelinga, Ålesund sjukehus
- Ved kliniske funn, skal tilvising sendast til kirurg ved Endokrinkirurgisk poliklinikk. På bakgrunn av aktuell problemstilling bestemmer kirurgen kva type biletdiagnostikk som skal gjerast
- Ved tilvisingar pga kliniske funn er det viktig med fullstendig anamnese og klinisk undersøking. Dersom dette manglar er det svært vanskeleg å gi tilvisinga korrekt prioritering
- Dersom tilvisinga oppfyller kriteria for pakkeforløp skal dette gå tydeleg fram av teksten
- Vi har ikkje tilbod om mammografiscreening for kvinner som ikkje er omfatta av det offentlege Mammografiprogrammet (50-69 år)
- Ved mistanke om arvelig risiko for brystkreft skal pasient tilvisast klinisk genetiker for risikovurdering før eit eventuelt kontrollopplegg blir sett i verk. Pasienten kan til dømes tilvisast Seksjon for medisinsk genetisk poliklinikk ved St. Olavs Hospital, postboks 3250 Sluppen, 7006 Trondheim

For opplysningar om indikasjonar for brystdiagnostikk, anamnese og undersøking: sjå Nasjonalt handlingsprogram <http://www.helsebiblioteket.no/retningslinjer/brystkreft/4-diagnostisering-og-utredning/4.1-utredning-av-pasienter>